



ÅMLI KOMMUNE

- BYGDA FOR ALLE



Vedtekter for Åmli kraftfond

Vedteke av kommunestyret 30.8.1990, K-sak 68/90

Endra av kommunestyret 26.1.1995, K-sak 4/95

Endra av kommunestyret ihht. Rundskriv H-1/11 28.8.2014, K-sak 14/108

INNHALD:

§ 1 Heimel, kapital og avkastning	3
a) <i>Fondskapital</i>	3
b) <i>Avkastning</i>	3
§ 2 Føremål.....	3
§ 3 Støtteformer	4
§ 4 Støttevilkår	4
§ 5 Forhold til internasjonale forpliktingar på statstøtteområdet	5
§ 6 Forvaltning av fondet	5
§ 7 Klage.....	5
§ 8 Næringsplan.....	5
§ 9 Årsmelding.....	5
§ 10 Godkjenning av vedtekter.....	5
§ 11 Andre retningslinjer	5



§ 1 Heimel, kapital og avkastning

a) Fondskapital

Fondskapitalen er opphavleg:

Krafftfond på kr. 1 500 000,- innbetalt av Aust-Agder Kraftverk i medhald av pkt. 2 i konsesjonsvilkåra for utbygging av Åmli kraftverk i Aust-Agder, jfr. kongeleg resolusjon av 19. desember 1980 og næringsfond på kr. 1 837,500 innbetalt av Arendals Vassdrags Brugseierforening i medhald av pkt.2 i konsesjonsvilkår for fortsatte reguleringar i Arendalsvassdraget, jfr. kronsprinsregentens resolusjon av 26.6.1992.

Fondskapitalen er redusert ved tap på engasjementet. Fondskapitalen, som består av bankinnskot og utlån, settast til kr. 3 100 000,-. Ved reduksjon i fondskapitalen nyttast avkastning etterfølgjande år til oppfylling.

Fondskapitalen skal kvart år tilleggas minst 5 % av den årlege avkastinga.

Avdrag på tidlegare innvilga lån vert lagt til fondskapitalen.

Fondskapitalen vert sett inn på eigen rentebærande konto.

Fondskapitalen kan ikkje nyttast til lån eller tilskot.

b) Avkastning

Avkastinga er:

- Alle årlege konsesjonsavgifter frå kraftutbygging som blir innbetalt til Åmli kommune.
- Renter og annan avkastning av fondskapitalen.
- Renter frå utlån av fondskapitalen.

Budsjettert avkastning kan nyttast etter vedtak.

Avkastinga kan nyttast til lån, tilskot og til teikning av aksjekapital til føremål nemnd under § 2 og § 3. Avkastinga kan nyttast til oppfylling av fondskapitalen. Midlar frå sal av aksjar og utbytte frå aksjar leggest til avkastinga.

§ 2 Føremål

Krafftfondet skal fortrinnsvis nyttast til næringsformål, men kan og nyttast til kommunale tiltak. Fondet skal nyttast til å fremje etablering av næringsverksemd og til utvikling av eksisterande verksemd. Prosjekt som er med på å betre sysselsettingsmogleghetar for kvinner vert prioriterte.

Eksempel på føremål som kan støttast:

- investeringar i verksemdar t.d maskiner og utstyr, bygningar og installasjonar for drift
- bedriftsutvikling - t.d. etablerarstipend, opplæringstiltak, produktutvikling, marknadsføring, planlegging og undersøkingar før oppstart, marknadsundersøkingar og økonomiske analyser
- grunnlagsinvesteringar - t.d. tilrettelegging av næringsareal, opprusting av kommunesentra, infrastrukturtiltak for reiseliv
- kommunalt tiltaksarbeid - t.d. næringsplanlegging, etablerarprosjekt, samarbeid skule/næringsliv
- kulturtiltak med stor positiv betydning for tiltaksarbeidet

Det skal utvisast varsemd med støtte til bedrifter som har ein lokal marknad, og der ein meiner etterspørselen for varer og tenester i den aktuelle næringa alt er dekte innan kommunen.

Støtte frå fondet skal ikkje føre til avkorting av lån/tilskot frå andre finansieringskjelder.

Fondsmidlane skal ikkje nyttast til å dekke dagleg drift av kommunen, bortsett frå renter og avdrag på investeringar som er gjorde i tråd med fondets føremål. Unntak er lønning av næringsssjefen eller tilsvarande for å forvalte fondet.

Det bør ikkje gjevast støtte til verksemd som mottak betydelege overføringar over statsbudsjettet. Dette gjeld særleg dei tradisjonelle primærnæringane.

Det vert normalt ikkje gjeve støtte til investeringar i registrerbare motorkøyretøy (bil, båt, m.m.) eller til traktorar og mobile anleggsmaskiner, når desse ikkje går inn i verksemda sin internttransport.

Det kan ikkje gjevast støtte til gjeldssanering, driftstilskot til bedrifter eller til ordinære driftsutgifter i kommunen.

Fondet kan ikkje nyttast til garantiar for næringsformål.

§ 3 Støtteformer

Kraftfondet skal først og fremst nyttast til lån og tilskot til investeringar og bedriftsutvikling i næringstiltak.

Fondet kan og nyttast til aksjeteikning, fortrinnsvis i utviklingsselskap og utleigebygg, unntaksvis i private selskap. I private selskap må ikkje den kommunale delen av aksjekapitalen overstige 30 % av aksjekapitalen i bedrifta. Denne grensa gjeld ikkje for utleigebygg, utviklingsselskap o.l. som kommunen etablerer i samarbeid med andre.

§ 4 Støttevilkår

Samla støtte frå kraftfondet til private verksemdar skal som hovudregel ikkje overstige 50 % av prosjektet sitt kapitalbehov. Prosjekt av særleg stort verd for kvinner, ved nyetableringar og ved tilskot til undersøkingar i oppstartingsfasen, kan det løyvast inntil 75 % av dei første kr. 100.000,- av kostnadene.

1. Lånevilkår

- Lån skal gjevast som gjeldsbrevlån eller som pantelån, pant i bustader bør unngåast.
- Renta settast lik den rente Innovasjon Norge krev for sine lån.
- Avdragstid settast maksimalt til avskrivningstida for låneformålet.
- Avdragsfritak kan gjevast for inntil 2 år.
- Unntaksvis kan det gjevast rentefritak for inntil 1 -eitt- år.

2. Utbetaling

- I hovudregelen vert lån og tilskot utbetalt mot framvising av kvitterte rekingar eller bekrefta rekneskapsoppstillingar etter at prosjektet er ferdig. Administrasjonssjefen kan i spesielle høve fråvike denne regelen.
- Delutbetalingar kan finne stad.

3. Forelding

- Dersom krav om utbetaling av lån/tilskot ikkje har kome innan 2 -to- år etter at tilsegn er gjeve, fell tilsegnet bort og midlane vert tilbakeført til fondet. Fondsstyret kan forlengje fristen etter søknad.

4. Krav om tilbakebetaling

- Kommunen kan, etter vedtak i fondsstyret, krevje heile eller delar av støttesummen tilbakebetalt/innfridd dersom støtta vert nytta i strid med føresetnaden. Slikt krav gjeld og om verksemda opphøyrer eller flytter ut av kommunen innan 3 år etter at tilsegn er gitt, likeeins om driftsmidlar vert avhenda innan 3 år etter at tilsegn er gitt. Vedtak om støtte frå fondet er offentlege.

§ 5 Forhold til internasjonale forpliktingar på statstøtteområdet

Bruken av fondet må vere i samsvar med dei internasjonale regelverk Norge har slutta seg til på statsstøtteområdet, under dette beløpsgrense for bagatellmessig støtte.

Bedrifter som mottek støtte plikter å opplyse om at støtte er motteken frå næringsfondet ved søknad om eventuell ytterlegare støtte frå offentlege midlar innan utgangen av treårsperioden (det visast til EØS-avtalens regelverk for offentlig støtte, reglane for bagatellmessig støtte (de minimis)).

§ 6 Forvaltning av fondet

Ved forvaltning av fondsmidlane skal det leggas vekt på lav finansiell risiko og høy likviditet. Renter og avdrag skal tilbakeførast til fondet

Formannskapet er styre for kraftfondet.

Rådmannen kan gjere vedtak om avdragsutsetjing, jfr. § 4, 2.1edd, likevel ikkje for meir enn eitt år av gongen.

§ 7 Klage

Vedtak om avslag på søknad må sjåast som einskildvedtak etter forvaltningslova § 2. Klage på vedtak avgjerast av kommunen si klagenemnd.

Klagerett har den som er part i saka eller annan med rettsleg klageinteresse.

§ 8 Næringsplan

Løyvingar frå fondet skal vere i tråd med mål, strategiar og tiltak fastsett i kommuneplanen eller kommunal næringsplan.

§ 9 Årsmelding

Innan utgangen av februar kvart år sender styret ei årsmelding for bruken av fondet til kommunestyret.

Årsmeldinga skal innehalde rekneskap, prosjektoversyn og ei vurdering av bruken av fondet i høve til mål, strategiar og tiltak i kommuneplanen/næringsplanen.

Årsmeldinga skal sendast Aust-Agder fylkeskommune og fylkesmannen i Aust-Agder.

§ 10 Godkjenning av vedtekter

Desse vedtektene kan endrast etter vedtak i kommunestyret. Vedtektene må godkjennast av fylkesmannen.

§ 11 Andre retningslinjer

Bruk av fondet fylgjer elles dei retningslinjer som til ei kvar tid vert fastsett av departementet for kommunale næringsfond gitt i vassdragsreguleringsaker.